

Alle dokument som etter offentleglova § 4 må regnes som saksdokument for organet, er gjenstand for saksbehandling og har dokumentasjonsverdi, skal registrerast.

Dokument som skal sendast til arkiv@heroy.kommune.no for journalføring – gjeld brev, e-postar og SMS:

- Interpellasjonar
- Grunngitte spørsmål
- Førespurnad
- Generalforsamling
- Representantskapsmøte
- Årsmøtedokument
- Protokollar
- Møtereferat
- Dokument frå innbyggjarar
- Dokument frå politikarar

Er nokon av desse dokumenta sendt frå tilsette i Herøy kommune, så skal dei ikkje sendast til arkiv. Ein går då ut i frå at journalføring alt er gjort.

Følgjande skal ikkje reknast som saksdokument for organet:

- a. dokument som inngår i bibliotek- eller museumssamling,
- b. dokument som private har overlate til offentleg arkiv for bevaring,
- c. dokument som er overlate til eit organ for offentleggjering i periodisk skrift som blir gitt ut av organet,
- d. avis, tidsskrift, reklamemateriell og liknande som organet mottek utan at det er knytt til ei bestemt sak i organet, og
- e. dokument som ein medarbeidar i organet har motteke i annan eigenskap enn som tilsett i organet.

Omgrepet organ femner i lova her om alle verksemder som lova gjeld for.

Offentleglova § 4. Definisjonar

Med dokument er meint ei logisk avgrensa informasjonsmengd som er lagra på eit medium for seinare lesing, lytting, framsyning, overføring eller liknande.

Saksdokument for organet er dokument som er komne inn til eller lagde fram for eit organ, eller som organet sjølv har oppretta, og som gjeld ansvarsområdet eller verksemda til organet. Eit dokument er oppretta når det er sendt ut av organet. Dersom dette ikkje skjer, skal dokumentet reknast som oppretta når det er ferdigstilt.

<https://www.nrk.no/osloogviken/viktig-e-post-journalfores-ikke-1.12391790>

<https://www.aftenbladet.no/lokalt/i/Kb9vy/9-av-11-ordfoerere-broet-lov>

<https://www.nyetroms.no/journalforing-er-uhyre-viktig/426087>

Dato
Versjon
Dokumentansvarlig

03.01.2024
01/24
HILSKI